

Møteprotokoll for Heradsstyret

Møtedato: 23.09.2020
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 16:00 – kl. 21:05

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem, (kom til sak 0057/20)
Johannes Haugland	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalte Heimir Gislason	H	Varaordfører
Aksel Mjøs	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem
Kjersti Ingolvsson Vevatne	V	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Johannes Myklebust	AP	Medlem

Bysheim		
Jørgen Varden	AP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Berit Ophus	SP	Varar for T. B. Njåstad i sakene 054 – 056/20 og for A. Presttun i sakene 057 – 073/20
Helge Valestrand Edvardsdal	SP	Vara for A. Presttun i sakene 054-056/20
Alexander Thunestvedt	AP	Johannes Myklebust Bysheim
Evy Bysheim Pedersen	AP	Jørgen Varden
Bjørn Kato Melchersen	FRP	Ellinor Therese Birkeland

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
054/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
055/20	Godkjenning av møtebok
056/20	4/4 - Hauge. Oppfølging av detaljregulering - Hauge
057/20	Sak om eigedomsskatt - Danielsen skule, Valestrand
058/20	Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol for perioden 2020 - 2024
059/20	Lokalbrygg AS - søknad om løyve til nettsal av alkohol i Osterøy kommune
060/20	NG Meny vest AS (Meny Åsane Storsenter) - søknad om løyve for nettsal av alkohol i Osterøy kommune
061/20	Fjordslottet AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024
062/20	Kaikanten AS - fornying av skjenkeløyve for 2020 - 2024
063/20	Kjellarn restaurant & sportsbar - fornying av skjenkeløyve for 2020 - 2024
064/20	Kleiveland Gard - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024
065/20	Mjøsdaalen Landhandleri AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024
066/20	Osterøykroa AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024
067/20	S.M. Trading AS (Ole Bull Kro) - fornying av skjenkeløyve for 2020 - 2024
068/20	Adgang til å halde fjernmøte i folkevalde organ
069/20	Val av forliksrådmedlemmer
070/20	Val av møtefullmektigar til Forliksrådet for perioden 2021 - 2024

- 071/20 Dyrevernsnemder - førespurnad om kandidater for perioden 2021 - 2024
- 072/20 Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd
- 073/20 Interpellasjon

054/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.09.2020 HERADSSTYRET

Henrik Øksnes, FRP, tok opp spørsmål om oppfølging av vedtaket i sak 033/20, Prosjekt Arena for næringsutvikling, der det vart føresett at rekneskap for bruk av kommunale midlar til prosjektet skulle leggjast fram til første heradsstyremøte hausten 2020.

Ordføraren, viste til at rekneskapen vart lagt fram til formannskapet før generalforsamlinga og at denne vil bli lagt fram som referatsak til heradsstyret.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsla to spørsmål til slutten av møtet, status for arbeidet med Omsorg+-prosjektet og status for arbeidet med ny brannstasjon og samlokalisering av tenester.

Jarle Skeidsvoll, KRF, viste til vedtaket i sak 033/20 der det vart bede om rapportering på bruk av kommunale midlar.

Ordføraren, viste til at det er selskapet som må leggja fram dette.

Ole Johannes Mjøs, H, varsla spørsmål i tilknytning til utvida busstreik frå helga og konsekvensar for skuleskyssen.

Det var elles ikkje merknader til innkalling og saksliste.

HS - 054/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

055/20: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

23.09.2020 HERADSSTYRET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå møtet 17.06.2020.

HS - 055/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 17.06.2020 vert godkjend.

056/20: 4/4 - Hauge. Oppfølging av detaljregulering - Hauge

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Erverva areal frå gnr. 4/4 og 21 vert nytta til bustad/kombinert formål, barnehage og LNF slik det går fram av rådmannen si vurdering og kartskisse.

02.09.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 061/20 VEDTAK:

"Erverva areal frå gnr. 4/4 og 21 vert nytta til bustad/kombinert formål, barnehage og LNF slik det går fram av rådmannen si vurdering og kartskisse."

23.09.2020 HERADSSTYRET

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.20 - kl. 16.30 med gruppemøte for H, FRP og V.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg på vegner av FRP, H og V: "Område som vert lagt inn med endra føremål må regulerast etter gjeldande lovverk. Tomta må utnyttast på ein plasseffektiv måte som tilrettelegg for framtidig utviding av eventuell bygningsmasse."

Trude Tomren, MDG, bad om å få slik protokolltilførsel i saka: "MDG meiner at prosessen rundt dette området er kritikkverdig, og bør tene som eit døme for ettertida på korleis ein ikkje skal gå fram i saker som omhandlar jordvern; her skulle kommunen ha vore førebiletleg. Samtidig innser me at den situasjonen me no står ovanfor gjer ei tilbakeføring til LNF-område svært krevande. Me ser oss difor nøydde til å støtte rådmannen sitt framlegg til vedtak."

Protokolltilførselen vart godkjend.

Johannes Haugland, SP, gjorde slik framlegg om tillegg: "Arealet med landbruksjord på nordsida av kommunal veg, ca 5,7 daa, skal ikkje delast."

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling	- samrøystes vedteke
Fellesframlegg frå FRP, H og V	- vedteke med 21 røyster (4H,7FRP,1V,1MDG,1AP,5SP,2SV) mot 6 røyster (3KRF, 3AP)
Johannes Haugland sitt framlegg	- vedteke med 23 røyster (5SP,7FRP,4H,1MDG,2SV,3KRF,1V) mot 4 røyster (4AP)

HS - 056/20 VEDTAK:

"Erverva areal frå gnr. 4/4 og 21 vert nytta til bustad/kombinert formål, barnehage og LNF slik det går fram av rådmannen si vurdering og kartskisse. Område som vert lagt inn med endra føremål må regulerast etter gjeldande lovverk. Tomta må utnyttast på ein plasseffektiv måte som tilrettelegg for framtidig utviding av eventuell bygningsmasse. Arealet med landbruksjord på nordsida av kommunal veg, ca 5,7 daa, skal ikkje delast."

Turid B. Njåstad, SP, kom til møtet til sak 057/20. Helge Valestrand Edvardsdal, SP, gjekk frå møtet – 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

057/20: Sak om eigedomsskatt - Danielsen skule, Valestrand

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eigedom 137/163 tilhøyrande Egill Danielsen Stiftelse får ikkje fritak for eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 7 , bokstav a.

10.06.2020 FORMANNSKAPET

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg til vedtak: "Etter likebehandlingsprinsippet frå Danielsen skule Valestrand, Hamre grendaskule og Hjellvik Montessori skule fritak for eigedomsskatt."

Grunngjeving: Osterøy kommune betalar ikkje eigedomsskatt for sine skular."

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg: "Eigedom 137/163 tilhøyrande Egill Danielsen Stiftelse får fritak for eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 7 , bokstav a."

AVRØYSTING

FRP sitt framlegg - fall med 6 røyster (3SP,2AP,1KRF) mot 2 røyster(2FRP)

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (3SP,2AP,)

Jarle Skeidsvoll sitt framlegg - 3 røyster (1KRF,2FRP)

FS - 047/20 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

"Eigedom 137/163 tilhøyrande Egill Danielsen Stiftelse får ikkje fritak for eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 7 , bokstav a."

23.09.2020 HERADSSTYRET

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sent tilbake til administrasjonen Rådmannen kjem attende til heradstyret i samband med budsjettbehandlinga med forslag til prinsipiell behandling av den aktuelle søknaden og liknande saker/eigedomar."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.00 - kl. 17.10 med gruppemøte for FRP

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt framlegg: "Det er ønskjeleg at eigedomsskattereglane er føreseielege. Ved neste revisjon av regelverket rundt eigedomsskatt skal ein særskilt gjennomgå og klargjera reglane rundt eigedomar omfatta av §7a i lov om eigedomsskatt. Dette gjeld særleg institusjonar som skular som ikkje er eigde av Osterøy Kommune."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Danielsen skule får fritak for eigedomsskatt som omsøkt."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.45 - kl. 17.50 med gruppemøte for KRF og H.

Aksel Mjøs, H, trekte sitt framlegg.

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt nytt framlegg: "Rådmannen kjem attende til heradstyret før budsjettbehandlinga for 2022 med forslag til prinsipiell behandling av liknande saker/eigedomar."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling - 19 røyster (5SP,4AP,2SV,3H,1MDG,1V,3KRF)

FRP sitt framlegg	- 8 røyster (7FRP, 1H)
Tilleggsframlegg frå KRF (5SP,4AP,2SV,1MDG,1V)	- vedteke med 14 røyster (4H,3KRF,7FRP) mot 13 røyster

HS - 057/20 VEDTAK:

"Eigedom 137/163 tilhøyrande Egill Danielsen Stiftelse får ikkje fritak for eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 7 , bokstav a. Rådmannen kjem attende til heradstyret før budsjettbehandlinga for 2022 med forslag til prinsipiell behandling av liknande saker/eigedomar."

058/20: Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol for perioden 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune 2016 – 2020 vert vidareført for perioden 2020 – 2024, med slike endringar/tillegg:

I pkt 1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve:

"Punkt a) Skjenkestader bør lokalisert til kommunesenteret Lonevåg og områdesentra Fotlandsvåg, Valestrand og Haus vert teke ut.

I kap. 6, pkt. a.

All skjenking innandørs får utvida skjenketid fram til kl 02.00 for drikke med alkoholprosent under 22%."

Tillegg: Det gis løyve til nettsal av alkohol med inntil 4,7% alkoholinnhald Osterøy kommune iht. gjeldande regelverk.

Tillegg: Det vert oppretta 7 ambulerande løyve, jfr. Alkoholova § 4-5.

Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige oppdateringar i dokumentet som følgjer av endringar i lov og forskrift."

02.09.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	- tilrådd med 4 røyster (3SP,1FRP) mot 3 røyster (2AP,1KRF)
utvida skjenketid til kl. 02.00	- fall med 4 røyster (1 KRF,2AP, 1SP)

mot 3 røyster (2SP,1FRP)

FS - 062/20 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

«Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune 2016 – 2020 vert vidareført for perioden 2020 – 2024, med slike endringar/tillegg:

I pkt 1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve:

"Punkt a) Skjenkestader bør lokaliserast til kommunesenteret Lonevåg og områdesentra Fotlandsvåg, Valestrand og Haus vert teke ut.

Tillegg: Det gis løyve til nettsal av alkohol med inntil 4,7% alkoholinnhald Osterøy kommune iht. gjeldande regelverk.

Tillegg: Det vert oppretta 7 ambulerande løyve, jfr. Alkoholova § 4-5.

Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige oppdateringar i dokumentet som følgjer av endringar i lov og forskrift."

23.09.2020 HERADSSTYRET

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg: I kap. 6, pkt. a. All skjenking innandørs får utvida skjenketid fram til kl 02.00 for drikke med alkoholprosent under 22%."

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg om tillegg til formannskapet si innstilling: "Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune 2016 – 2020 vert vidareført, med slike endringar/tillegg (sjå punkt under) for perioden inntil den prioriterte tverrfaglege temaplanen for psykisk helse og rus er vedteken. Temaplanen skal mellom anna inkludere retningslinjer for skjenking av sal og alkohol for den etterfølgjande 4-årsperioden."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.15 - kl. 18.20 med gruppemøte for FRP

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: "Tilleggspunktet som gjer løyve til nettsal med inntil 4,7% alkoholinnhald blir fjerna."

Turid Bjørndal Njåstad, SP, gjorde slikt framlegg: "Det vert gjeve løyve til nettsal av alkohol med inntil 4,7 prosent alkoholinnhald i Osterøy kommune iht gjeldane regelverk. Utlevering skal skje på postkontor eller fast utsalstad."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling for periodelengde	-	15 røyster (5SP,2H,7FRP,1V)
KRF sitt framlegg	-	12 røyster (3KRF,1MDG,4AP,2H,2SV)
I pkt 1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve:	-	samrøystes
"Punkt a) endring.		
Løyve til nettsal av alkohol 5SP,7FRP)	-	vedteke med 19 røyster (1V, 3AP, 3H, mot 8 røyster (3KRF,
1AP,2SV,1H,1MDG)		
Høve til utlevering på døra	-	fall med 15 røyster (1MDG,3KRF,4AP,2SV,1H,4SP) mot 12 røyster (7FRP, 3H, 1SP,1V)
Ambulerande løyve	-	samrøystes

Skjenketid innandørs til kl. 02.00 for drikk med alkoholinnhold under 22% - vedteke med 15 røyster (4SP,3H,7FRP,1AP) mot 12 røyster (1SP,1V,1MDG,3KRF,1H,3AP,2SV)

Oppdatering av retningslinene - samrøystes

HS - 058/20 VEDTAK:

«Retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune 2016 – 2020 vert vidareført for perioden 2020 – 2024, med slike endringar/tillegg:

I pkt 1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve:

"Punkt a) Skjenkestader bør lokaliserast til kommunesenteret Lonevåg og områdesentra Fotlandsvåg, Valestrand og Haus vert teke ut.

Tillegg: Det gis løyve til nettsal av alkohol med inntil 4,7% alkoholinnhold Osterøy kommune iht. gjeldande regelverk.

I kap. 6, pkt. a.

All skjenking innandørs får utvida skjenketid fram til kl 02.00 for drikke med alkoholprosent under 22%.

Tillegg: Det vert oppretta 7 ambulerande løyve, jfr. Alkoholova § 4-5.

Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige oppdateringar i dokumentet som følgjer av endringar i lov og forskrift."

059/20: Lokalbrygg AS - søknad om løyve til nettsal av alkohol i Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkoholova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhold (gruppe 1) til Lokalbrygg AS, organisasjonsnr. 924555500, Karl Staffs vei 76, 0665 Oslo. Styrar: Eirik Petter Tomter, f. 22.03.1998. Stedfortredar: Pia Rødsten Dahlstrøm, f. 01.06.1986.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Utleveringstider for bestilte varer: måndag – fredag: kl. 09.00 – kl. 18.00. Laurdag: kl. 09.00 – kl. 15.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta: kl. 09.00 – kl. 15.00.

På sun- og heilag dagar, 1. og 17. mai kan det ikkje utleverast alkoholhaldig drikk.

Årsgebyr for salsløyve og avgift for etter omsetning vert justert kvart år i samsvar med sentralt fastsette satsar, jfr. alkoholforskrifta §§ 6-2 og 6-3.

02.09.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd

FS - 063/20 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) til Lokalbrygg AS, organisasjonsnr. 924555500, Karl Staffs vei 76, 0665 Oslo. Styrar: Eirik Petter Tomter, f. 22.03.1998. Stedfortredar: Pia Rødsten Dahlstrøm, f. 01.06.1986.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Utleveringstider for bestilte varer: måndag – fredag: kl. 09.00 – kl. 18.00. Laurdag: kl. 09.00 – kl. 15.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta: kl. 09.00 – kl. 15.00.

På sun- og heilagdag, 1. og 17. mai kan det ikkje utleverast alkoholhaldig drikk.

Årsgebyr for salsløyve og avgift for etter omsetning vert justert kvart år i samsvar med sentralt fastsette satsar, jfr. alkoholforskrifta §§ 6-2 og 6-3. "

23.09.2020 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

HS - 059/20 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) til Lokalbrygg AS, organisasjonsnr. 924555500, Karl Staffs vei 76, 0665 Oslo. Styrar: Eirik Petter Tomter, f. 22.03.1998. Stedfortredar: Pia Rødsten Dahlstrøm, f. 01.06.1986.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Utleveringstider for bestilte varer: måndag – fredag: kl. 09.00 – kl. 18.00. Laurdag: kl. 09.00 – kl. 15.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta: kl. 09.00 – kl. 15.00.

På sun- og heilagdag, 1. og 17. mai kan det ikkje utleverast alkoholhaldig drikk.

Årsgebyr for salsløyve og avgift for etter omsetning vert justert kvart år i samsvar med sentralt fastsette satsar, jfr. alkoholforskrifta §§ 6-2 og 6-3. "

060/20: NG Meny vest AS (Meny Åsane Storsenter) - søknad om løyve for nettsal av alkohol i Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) til NG Meny vest AS, organisasjonsnr. 979 679 971, karenslyst Alle 12-14, 0278 Oslo for utsalssted Meny Åsane Storsenter, Åsane senter 21, 5116 Ulset. Styrar: Tommy Aalen, f. 29.07.83. Stedfortredar: Camilla Eide Taule, f. 09.10.87.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Utleveringstider for bestilte varer: måndag – fredag: kl. 08.00 – kl. 20.00. Laurdag: kl. 08.00 – kl. 18.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16:00.

På sun- og heilagdag, 1. og 17. mai kan det ikkje utleverast alkoholhaldig drikk.

Årsgebyr for salsløyve og avgift for etter omsetning vert justert kvart år i samsvar med sentralt fastsette satsar, jfr. alkoholforskrifta §§ 6-2 og 6-3.

23.09.2020 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling	-	vedteken med 21 røyster (5SP,4H,1V,7FRP,3AP,2SV) mot 6 røyster (3KRF,1MDG,1AP)
	-	mot 6 røyster (3KRF,2SV, 1 AP)

HS - 060/20 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) til NG Meny vest AS, organisasjonsnr. 979 679 971, Karenslyst Alle 12-14, 0278 Oslo for utsalsstad Meny Åsane Storsenter, Åsane senter 21, 5116 Ulset. Styrar: Tommy Aalen, f. 29.07.83. Stedfortredar: Camilla Eide Taule, f. 09.10.87.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Utleveringstider for bestilte varer: måndag – fredag: kl. 08.00 – kl. 20.00. Laurdag: kl. 08.00 – kl. 18.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16:00.

På sun- og heilagdag, 1. og 17. mai kan det ikkje utleverast alkoholhaldig drikk.

Årsgebyr for salsløyve og avgift for etter omsetning vert justert kvart år i samsvar med sentralt fastsette satsar, jfr. alkoholforskrifta §§ 6-2 og 6-3. "

061/20: Fjordslottet AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilling innan 01.10.2020.

Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 02.00

Skjenketid alkohol gruppe 3(drikk som

inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld

mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7.ledd. Skjenking til overnattingsgjestar utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3.

Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend."

02.09.2020 FORMANNSKAPET

Skjenketider:

Formannskapet viste til fleirtalsinnstillinga i sak 062/20, og slutta seg samrøystes til å gje tilråding til heradsstyret i samsvar med dette.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framleitt vart samrøystes tilrådd

FS - 064/20 VEDTAK:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilling innan 01.10.2020. Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):
kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde. Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol): kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd. Skjenking til overnattingsgjestar utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3. Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend."

23.09.2020 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken

HS - 061/20 VEDTAK:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilling innan 01.10.2020. Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde. Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol): kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd. Skjenking til overnattingsgjestar utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3.

Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend."

062/20: Kaikanten AS - fornying av skjenkeløyve for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 Kaikanten AS, Haus

Løyvehavar: Kaikanten AS, org.nr. 984 725 825

Dagleg leiar: Trygve Tønnessen, f. 25.09.64.

Styrar: Trygve Tønnessen. Stedfortredar Silje Tønnessen, f. 22.04.78 vert godkjende.

Type verksemd: Restaurant og selskapslokale.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – kl. 01.00.

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%

alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.

02.09.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 065/20 VEDTAK:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 Kaikanten AS, Haus

Løyvehavar: Kaikanten AS, org.nr. 984 725 825

Dagleg leiar: Trygve Tønnessen, f. 25.09.64.

Styrar: Trygve Tønnessen. Stedfortredar Silje Tønnessen, f. 22.04.78 vert godkjende.

Type verksemd: Restaurant og selskapslokale.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – kl. 01.00.

**Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00**

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024."

23.09.2020 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken

HS - 062/20 VEDTAK:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 Kaikanten AS, Haus

Løyvehavar: Kaikanten AS, org.nr. 984 725 825

Dagleg leiar: Trygve Tønnessen, f. 25.09.64.

Styrar: Trygve Tønnessen. Stedfortredar Silje Tønnessen, f. 22.04.78 vert godkjende.

Type verksemd: Restaurant og selskapslokale.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – kl. 01.00.

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.

063/20: Kjellarn restaurant & sportsbar - fornying av skjenkeløyve for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Kjellarn restaurant & sportsbar, Valestrand

Løyvehavar: Kjellarn restaurant & sportsbar, org.nr. 815 484 452

Dagleg leiar: Adnan Kadir, f. 26.06.66.

Styrar: Adnan Kadir. Stedfortredar Edvard Horsås, f. 21.05.82 vert godkjende.

Type verksemd: Restaurant og bar med inne og uteservering.

Skjenketid (inne) alkohol gruppe 1 og 2: kl. 14.00 – kl. 02.00.

Skjenketid (inne) alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 14.00 – kl. 01.00

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 14.00 – kl. 01.00.

Alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60% alkoholinnhald): kl. 14.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.

02.09.2020 FORMANNSKAPET

Skjenketider:

Formannskapet viste til fleirtalsinnstillinga i sak 062/20, og slutta seg samrøystes til å gje tilråding til heradsstyret i samsvar med dette.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 066/20 VEDTAK:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Kjellarn restaurant & sportsbar, Valestrand

Løyvehavar: Kjellarn restaurant & sportsbar, org.nr. 815 484 452

Dagleg leiar: Adnan Kadir, f. 26.06.66.

Styrar: Adnan Kadir. Stedfortredar Edvard Horsås, f. 21.05.82 vert godkjende.
Type verksemd: Restaurant og bar med inne og uteservering.

Skjenketid (inne) alkohol gruppe 1 og 2: kl. 14.00 – kl. 01.00.

**Skjenketid (inne) alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 14.00 – kl. 01.00**

